
Fra: Henry Fanebust <herfaneb@online.no>
Sendt: torsdag 24. oktober 2019 21:43
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: Gbnr 99/4 - Feilopplysningar om våningshus m.m.

Hei

Hadde berre tenkt å ringe om dette. Prøvde idag, men du var på møte. Det gjeld opplysn. om våningshuset og uthuset på 99/4, som eg ser at Lindås kommune har fått litt feile opplysningar om. Riktige opplysningar:

Siste fastbuande i våningshuset døydde i 1968, etter dette har huset kun vore sporadisk brukt til fritidsbustad, dette gjeld også noverande eigar (sjølv om han skriv noko anna). Noverande eigar har **aldri** overnatta her. Når han har vore her har han oftast kome på formiddag og returnert på ettermiddag, medbrakt mat blir inntatt ute i tunet. Huset er i ubebueleg stand, for nokre år sidan observerte ein at store mengder forskalingsmaterial vart lessa inn gjennom glasa ved hjelp av gravemaskin, ligg der truleg enno. Toalett til våningshuset er ein gamal utedo i uthuset, provisorisk dusj er montert i uthuset (kun brukt i ytterste nødsfall av ferierande om sommaren, då vatnet må varmast opp før ein fyller det i tanken på utsida av veggen). Avløp frå dusj går direkte i "møttinga" under utedo. Yngste son på garden hadde eit rom i uthuset på 50-talet, som kunne overnattast i. Uthuset har **aldri** vore bustad. Uthuset inneheld: vedbu, lite vaskerom, lite utedo og eit rom det gjekk an å sove i.

Eg syntest ikkje det gjekk an å la vere å kommentere, når eg observerte på nettet at eigar prøver å villeie kommunen med mangelfulle/villeiande/feile opplysningar.

Og nettopp at det så ofte ikkje vert servert rette opplysningar til verken Lindås kommune eller andre har vore/er eit stort problem i denne saka, det har kosta undertekna mange timar med korrigerande brev. Det gjer noko fundamentalt med tillita til aktiviteten på 99/4, og også til andre opplysningar som vert lagt fram derifrå, når ein ikkje kan stole på det som vert framlagt.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust

PS. Nemner tilsist ein ting eg ikkje trur Lindås kommune er klar over: I fjor sommar bygde eigar opp eit **digert**, flatt platå av den utsprengde steinen frå hans ulovlege sprengingstiltak i 2014. Oppetter den bratte fyllinga kring dette kunstig oppbygde steinplatået har all matjorda frå desse ulovleg avgravde måla med jord no blitt plassert. Det vil sei at all nytteverdi som matjord eigentleg er tapt for det som var eit **enormt** berg av jord.